

## **MASTA (Rausvollane, Røynstrand)**

Høgdemeter over havet: omlag 240 m

Lengde: ca 1 km ein veg

Tid: 15- 30 min ein veg.

Gradering: Dette er ein lett tur som passar for alle.

**Vegskildring:** Turen går frå Røynstrand: Gå til enden av byggjefeltet på Røynstrand på austsida og parker der skilttavla står. Stien går langs skielva. Gå gjennom grinda- hugs å lat denne att då det går dyr på beite her om sommaren. Etter ca.100 meter kan du velje å ta av bratt opp til venstre som er snarvegen rett opp til Masta. Stien er raudmerka. Går du rett fram går du på ein traktorveg/ brei sti heilt opp til Rausvollane, (sjå skilt) der turkassa heng. Her er det eit vegskilje med fleire turval. Her kan du ta ned til venstre mot aust og gå vidare til Daurmålsnuten, blåmerka løype eller over til Stokksel raudmerka løype. ( Sjø eigne turskildringar på nett)

Du må no berre gå litt lenger for å komme opp til sjøve Masta og utsiktspunktet. Stien vidare går mot venstre opp til Bjørndalen og Oksen, eller til høgre til Nodlen og du kjem ned på vestsida av byggefeltet på Røynstrand. Dette er ein fin liten rundtur på om lag ein times tid. Føl skiltinga og merkinga vår!

**Turtips 1:** Gå raudmerka løype til Stokksel.

**Turtips 2:** Gå blåmerka løype til Daurmålsnuten.

Turtips 3: Gå raudmerka løype til Bjørndalen og evt. løype heilt fram til Oksen

Turtips 4: Gå raudmerka løype til Nodlen.

Turskildringar ligg på heimesida til Granvin turlag: [www.granvin-turlag.no](http://www.granvin-turlag.no)

GOD TUR!